
Fra: Benedikte H <benedikteh@gmail.com>
Sendt: onsdag 17. oktober 2018 12:11
Til: Postmottak Lindås
Emne: Fwd: Spørsmål om oljetank

Hei,

Eg vil med dette be om innsyn i om det i si tid blei meldt inn kor stor oljetanken som blei greven ned på tomta til far min, Kjell Olav Hjellum, er. Han bur i Stallane 13. (Hugsar ikkje gards/bruksnummer, men reknar med de greier å finne det.)

Huset på tomta blei sett opp på starten av 1970-tallet.

Dette med tanke på kravet om å fjerne eller sanere oljetankar på over 3200 liter. (Far min meiner tanken ikkje er på meir enn 700 liter.)

Takkar for svar.

Med helsing
Benedikte Hjellum Håkonsen

----- Forwarded message -----

From: **Byggesak Lindås** <byggesak@lindas.kommune.no>
Date: tir. 16. okt. 2018 kl. 10:04
Subject: SV: Spørsmål om oljetank
To: Benedikte H <benedikteh@gmail.com>

Som nevnt har per i dag ikkje Lindås kommune ei eiga forskrift og det er difor overordna forskrift som gjeld. Den omfattar tankar større enn 3200 liter. Dersom tanken er mindre enn dette er du ikkje pålagt å gjere noko med dette før overordna forskrift vert endra eller at kommunen fatter vedtak om eiga forskrift. Skulle det oppstå lekkasje/forureining frå tanken, kan imidlertid kommunen pålegge tiltak etter forureiningslova.

Dersom oljetanken vart meldt inn saman med byggesaka kan det hende kommunen har informasjon om størrelsen på den. Du kan evt sende innsynsførespurnad til postmottak@lindas.kommune.no og be om informasjon om dette. Husk å oppgi kva eigedom det gjeld og kva du ynskjer informasjon om.

Med helsing Per Sveinar Morsund

Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 50 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no

Fra: Benedikte H [mailto:benedikteh@gmail.com]

Sendt: 12. oktober 2018 09:38

Til: Byggesak Lindås

Emne: Re: Spørsmål om oljetank

Hei, og takk for svar.

Eg har nokre oppfølgingsspørsmål:

Har de på kommunen ein oversikt over kva slags/kor store oljetankar som er nedgrevne på tomtene i kommunen? I så fall lar det seg kanskje gjere å finne ut akkurat kor stor tanken på tomten til far min er.

Han bur i Stallane 13 i Knarvik.

Ifølge far min er tanken det er snakk om på rundt 700 liter. (Huset blei bygd på starten av 70-tallet, så han hugsar ikkje heilt nøyaktig.) Muligens kan den vere så stor som 1000 liter.

Kva reglar gjeld då? Må den likevel fjernast, eller kan den tømmast, rensast og plomberast?

Tanken ligg på baksida av huset, og det er svært vanskeleg å komme til der med gravemaskin og bil med heisekran, som eg regnar med ein må bruke for å få gravd opp og fjerna heile tanken.

Far min er dessutan minstepensjonist og har ikkje verdens beste økonomi. Så i verste fall må han ta opp lån for å finansiere ein slik operasjon.

Det viktigaste må vel vere at tanken vert tømt, rensa, sjekka for avgasser og at den ikkje kan fyllast med olje igjen i framtida.

Takknemleg for svar.

Med helsing

Benedikte Hjellum Håkonsen

Den tor. 11. okt. 2018 kl. 13:49 skrev Byggesak Lindås <byggesak@lindas.kommune.no>:

Hei igjen

Lindås kommune har per i dag ikkje eiga forskrift så det er overordna forskrift som per i dag er retningsgjevande og den gjeld tanker over 3200 liter.

Utgangspunkteter at dei skal fjernast. Dersom ein meiner at dette ikkje let seg gjere kan ein søke om dispensasjon for dette.

Søknad kan sendast i brevsform med relevante vedlegg som kart/bilder/grunngjeving for fritak for fjerning og redegjørelse for alternativ til fjerning. Det økonomiske aspektet må være vesentleg for at kommunen kan gi dispensasjon.

Med helsing Per Sveinar Morsund

Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 50 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no